

Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga
Agnes Mowinckelsgt. 5
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

10 NOV 2017

Deres ref.	Arkivsakid-doknr:	2016000508 - 7	Saksbeh:	Hege Korssund Lutro	Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2017018389	Telefon:	53 65 40 34	K1-130	09.11.2017

OF sak 016/17: Høyring av Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

Vedlagt følger vedtak.

Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.

Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kom frem.

Vennlig hilsen
For Arkiv

Marianne Halland
Virksomhetsleder arkiv / personal

Hege Korssund Lutro
Hege Korssund Lutro
Sekretær



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Odda formannskap	07.04.2017	016/17

Høyring av Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

Dokumentnr	Tittel
321018	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - Høyring av planforslag
321019	Regional transportplan Hordaland 2018-2029 Høyring av planforslag
324445	rtp-2018-2029_planforslag

Rådmannen sitt forslag til

vedtak:

Odda formannskap merkar seg at innhaldet i planen er sett opp på ein tematisk og metodisk grei måte og har slike merknader / innspel:

1. Odda formannskap hadde, med fokus på Hordaland sør og aust for Hardangerfjorden sine behov, venta seg at Hordaland fylkeskommune som viktig samfunnsaktør og samfunnsutviklar i sitt overordna planverk hadde følgt opp og utdjupa dei sentrale innspela / faglege utgreiingane som føreligg i Statens vegvesen (SVV) sine trafikkfaglege råd om prioriteringar av to nasjonale transportkorridorar aust – vest og E134 som arm til Bergen.
2. a. Odda kommune merkar at det ikkje finst nokon spor av ein Oddapakke i høyringsdokumentet og etterlyser ein konkret dialog om dette basert på innhaldet i denne saksutgreiinga.

b. Odda kommune ber om at fylkestinget drøftar stoda og at arbeidet med KVU for E134 sin arm til Bergen vert løfta fram- herunder at tunell mellom Austre- og Nordrepollen i Kvinnherad vert stekt prioritet – også med rassikringsmidlar.
3. Odda kommune ber fylket - i samband med vedteken reguleringsplan for Smelteverkstomta- setja av midlar til flytting av busstasjonen dit - jamf. at det ikkje er avsett /synleggjort fylkeskommunale midlar i planforslaget som er konkretisert fram til 2021.

4. Odda kommune ser gjerne at fylket og kommunen inngår sykkelbyavtale.
5. Odda kommune har ikke merknader til at selskapet Odda Vegfinans as vert avvikla og at oppgåva med bompengesøknaden for prosjekt E 134 : Seljestad – Røldal - Vågsli vert ivaretakne som prosjektarbeid mellom Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune og kommunane Vinje og Odda.
6. Odda kommune ber om at hydrogen som utsleppsfrift drivmiddel for transport vert særskild fokusert på og arbeidd med i tida som kjem. Ein ekstragevinst kan og ligga i tilknyting til urealiserte kraftutbyggingsprosjekt som det er gitt konsesjon for, men som til no ikkje har lete seg realisera grunna høge nettilkoplings- og overføringskostnader.

Rådmannen i Odda, 29.03.17

07.04.2017 Odda formannskap

Behandling:

Bolstad (A): Nytt pkt 7. : **Formannskapet ber om at rådmannen innarbeider vedtak i UTK sak 057/16 som nytt pkt 7.**

Opdal (H) Tilleggsforslag som nytt pkt 8: Odda formannskap vil påpeke at det er behov for større ferjefrekvens på sambandet Jondal - Tørvikbygd og ber Hordaland fylkeskommune prioriterte dette i handlingsplanen

Aga Haug (A) føreslo som alternativ tekst i pkt 5: Odda kommune ber om at selskapet Odda vegfinans vert vidareført for å fremja framdrift av bompengeinnkrevjing.

OF-016/17 Vedtak:

Pkt 1 - 4 i innstillinga vart samr vedteke.

Pkt 5 Ordføraren sitt forslag vart samr. vedteke

Pkt 6 Innstillinga vart samr. vedteke

Pkt 7 Bolstad sitt forslag vart samr. vedteke

Pkt 8 Opdal sitt forslag vart samr. vedteke

Vedtaket er :

Odda formannskap merkar seg at innhaldet i planen er sett opp på ein tematisk og metodisk grei måte og har slike merknader / innspel:

1. Odda formannskap hadde, med fokus på Hordaland sør og aust for Hardangerfjorden sine behov, venta seg at Hordaland fylkeskommune som viktig samfunnsaktør og samfunnsutviklar i sitt overordna planverk hadde følgt opp og utdjupa dei sentrale innspela / faglege utgreiingane som føreligg i Statens vegvesen (SVV) sine trafikkfaglege råd om prioriteringar av to nasjonale transportkorridorar aust – vest og E134 sin arm til Bergen.
2. a. Odda kommune merkar at det ikkje finst nokon spor av ein Oddapakke i høyringsdokumentet og etterlyser ein konkret dialog om dette basert på innhaldet i denne saksutgreiinga.

b. Odda kommune ber om at fylkestinget drøftar stoda og at arbeidet med KVU for E134 sin arm til Bergen vert løfta fram- herunder at tunell mellom Austre- og Nordrepollen i Kvinnherad vert sterkt prioritert – også med rassikringsmidlar.
3. Odda kommune ber fylket - i samband med vedteken reguleringsplan for Smelteverkstomta- setja av midlar til flytting av busstasjonen dit - jamf. at det ikkje er avsett /synleggjort fylkeskommunale midlar i planforslaget som er konkretisert fram til 2021.
4. Odda kommune ser gjerne at fylket og kommunen inngår sykkelbyavtale.
5. Odda kommune ber om at selskapet Odda vegfinans vert vidareført for å fremja framdrift av bompengeinnkrevjing.
6. Odda kommune ber om at hydrogen som utsleppsfridd drivmiddel for transport vert særskild fokusert på og arbeidd med i tida som kjem. Ein ekstragevinst kan og ligga i tilknyting til urealiserte kraftutbyggingsprosjekt som det er gitt konsesjon for, men som til no ikkje har lete seg realisera grunna høge netttilkoplings- og overføringskostnader.
7. Odda kommune meiner Kløvet er den beste plasseringa for nytt kollektivknutepunkt, gitt att finansiering ikkje er avgjerande for gjennomføringa. Dersom etablering av venterom/ varmestue med toalett er primærføremålet, vil Seljestad vere det beste alternativet.
8. Odda formannskap vil påpeika at det er behov for større ferjefrekvens på sambandet Jondal - Tørvikbygd, og ber Hordaland fylkeskommune prioriterte dette i handlingsplanen

Saka gjeld:

Hordaland fylkeskommune har sendt forslag til Regional transportplan for Hordaland (RTPH) 2018 – 2029 på høyring med first den 7. april. Planen er eit omfattande dokument som tek for seg tunell-, bompenze- og ferjefylket Hordaland sine utforderigar på samferdselssektoren.

Hordaland og mykje fylkesveg og er frå naturen si hand tyngre å driva trafikalt enn dei fleste fylke i landet og har ikkje berre ein utfordrande topografi, men og ein svært usymmetrisk folkesetnad der Bergensregionen er svært tung – også trafikalt.

Oppkoplinga trafikalt av Folgefonnahalvøya og den delen av Hordaland som ligg aust for Hardangerfjorden – inkl. Etna til Bergen / Bergensregionen er i dag lite tilfredsstilande. Sett frå Odda går tilnærma hele vegstekka til Bergen frå fylkesveg til fylkesveg. At det ikkje vert lagt eller drøfta eit overordna plangrep for denne tilkopplinga i plandokument gjer det heile problematisk å kommentera ut over å peika på denne mangelen i plandokumentet.

Odda som regionsenter i Hordaland og trafikal innfallsport til Hordaland frå sør aust har i dag i praksis berre skiftande fylkesvegar med stort vedlikehaldsetterslep og steikt skiftande standard og underoptimale traseaval som vegløysing til Bergen / Bergensregionen.

For fylkesvegnettet er planforslaget i all hovudsak oppteke av å tetta vedlikehaldsgapet for m.a. å hindra verditap – noko som det isolert sett er vanskeleg å vera imot, men denne sterkt avgrensa strategien løyser ikkje den sør austre luten i Hordaland sine trafikale behov.

Alternativt kunne det - basert på statlege utgreiingar om dei faktiske behova – vore drøfta eller teke til orde for prioritering eller *re-statleggjering* av transportstrekninga Odda – Bergen i tråd med dei premissene som er lagt i tunge trafikkfagele utgreiingar frå Statens vegvesen om overordna aust – vest løysingar. Der er E 134 uomtvisteg ein del av hovudsatsinga og med like uomtvista positiv samfunnsøkonomisk lønsemrd. Hordalandsdiagonalen løftar den samfunnsøkonomiske lønsemda for E 134 ytterlegare.

I tillegg ligg det heller ingen føringar for korleis fylket tenker seg framtidige løysingar for Hordalandsdiagonalen si utforming. Hordalandsdiagonalen -som og kan uttrykkast som E-134 sin arm til Bergen, eller trafikal løysing for E 39 sin kontakt med E 134 i Hordaland. Eit slikt plangrep, basert på Folgefona – og Jondalstunellen som skaparar av Folgefonna-regionen som ei ny kraft/ utviklingsmotor for områda sør og aust for Hardangerfjorden i Hordaland er ikkje problematisert i høyringsdokumentet. Det er skuffande.

Odda / Folgefonna-regionene si tilknyting til Bergen går i dag på fylkesvegnettet. At planforslaget ikkje har føringar for korleis Odda / Folgefonna-regionene si tilknyting til Bergen (les gjerne Kyststamvegen)- ut over å understreka at noverande vegnett skal få betre vedlikehald - er rett og slett ikkje godt nok for fylla dei fagreorda i dokumentet om regional utvikling i heile Hordaland.

Ny busstasjon i Odda

Odda kommune har vedteke lokalisering av ny busstasjon på Smelteverkstomta syd mellom Rv 13 og Skalltaket. Odda kommune ber fylket vera aktive i samband med vedteken reguleringsplan for Smelteverkstomta og bidra til flytting av busstasjonen - jamf. at det ikkje er avsett /synleggjort fylkeskommunale midlar i planforslaget som er konkretisert fram til 20121. Det vert lagt til grunn at Ullensvang kommune frå og med 2020 dekker noverande Odda / Ullensvang og Jondal, og at Odda er innfallsporten frå aust til Kvinnherad

Drivstoff:

Det vert i planforslaget teke til orde for implementering av alternative drivstoff til trafikken med el og bio. I 2017 vert det etablert 2 fyllestasjonar for hydrogen i bergensområdet. Vasskraftfylket Hordaland bør vera meir *framoverlent* når det gjeld å arbeida for tilrettelegging produksjon og distribusjon av hydrogen som drivstoff også for ferjer og tungtransport. Jamf. framlegg til vedtakspunkt. I Odda arbeider TIZIR i Tyssedal med planar for å skifta ut kol med hydrogen som reduksjonsmiddel i «forreduksjonsprosessen»- noko som åleine vil redusera CO₂ utsleppet med ca. 300.000 tonn i året

Oddapakken

Det vert lagt til grunn at Ullensvang kommune frå og med 2020 dekker noverande Odda / Ullensvang og Jondal kommunar.

Odda formannskap viser til at det ikkje finst spor av nokon Oddapakke i plandokumentet, vil at det vert sett i gang ein prosess for å definera ein Oddapakke og at den omfattar minst 3 element:

1. Rv 13 frå Odda by til Lofthus
2. Rv 13 frå Odda by til kryssløsing E 134 (Oddadalen)
3. Trafikal oppkopling av Odda by til Rv 13 og Fv. 550 /Fv 551

Planforslaget har og eit kap. 9 som heiter Statlege Ansvarsområde

Rv 13 vil den nye kommunen Ullensvang (fom 01.01.2020) vil ha ei veglengd på over 12 mil berre i denne kommunen. Det er like langt som frå Odda sentrum til Haugesund.

Selskapet Odda Vegfinanas as vert føreslege lagt ned. Grunngjevinga er at arbeidet med bompengesøknaden for dei nye Røldalstunellane på E 134 skal vidareførast som eige prosjekt med Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Odda og Vinje kommunar . Det står rett nok at selskapet «var opphavleg tiltenkt ei rolle som bompengeselskap .. og at dei kommunane som er med i Odda Vegfinans og er med i Hauklivegen as».

Odda kommune for sin del vil peika på at E134 er vedteke som ein nasjonal og overordna transportkorridor sør for Hardangervidda og at dette store prosjektet må løftast fram som ei av hovudsatsingane og ikkje stå på «sekkeposten» Andre prioriteringar. Etablering av E 134 som vintersikker veg med god kurvatur og gunstige stigningsforhold(dvs. nye tunellar vest og aust for Røldal / Liamyrane) vil underbygga og styrka behovet for KVU frå E134 til Bergensområdet. (jamf. kap 9 i Planframlegget- vedlegg 2)

Utforminga av kryssløsinga på Liamyrane på E 134– inkl oppkopling av Rv 13 og avsetting av næringsareal i Røldal -vil vera viktige enkeltelement for den vintersikre nye E134

Vurdering /drøfting:

Plandokumentet er omfattande, men tek i liten grad inn over seg fylket sitt ansvar for dei overordna grepene for trygg og effektiv transport mellom E 134 og Bergensregionen der Folgefonna-tunnelen og Jondalstunnelen er faste element på vegen.

Odda kommune sitt vedtak om å flytta kollektivknutepunktet / busstasjon frå Almerket til Smelteverkstomta er ikkje reflektert i planen.

Behovet for ei framtidssretta adekvat fjordkryssing av Hardangerfjorden frå Folgefonna-halvøya er ikkje drøfta / kommentert. Ansvar for denne oppgåve er i dag fylkeskommunal.

Uttale frå kommunale råd: Ikke tid / ikkje vanleg

Saka sitt forhold til

Overordna planar og lovverk:

a. Kommuneplan – samfunnsdel: Odda er eit geografisk sett og delvis og mentalt sett – eit «perifert» senter i Hordaland – jamf. høyringa si manglande drøfting av korleis dei overordna grep skal utformast. Odda er eit senter med sterk verdiskaping basert på ein kraftforedlande industri med tru på framtida og konkrete utviklingsplanar og eit raskt veksande næringsliv. Dette er to element som krev gode og framtidsretta trafikale løysingar. Høyringsdokumentet er for passivt på dette feltet.

Folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø: Gode og framtidsretta trafikkløysingar er kompliserte og krev omfattande samspele og samhandling mellom kommune- fylke og stat på både plansida og praktisk side

Klima, miljø og energi: Gode og framtidsretta trafikkløysingar er svært viktige
Verdiskaping og næring: Gode og framtidsretta trafikkløysingar er svært viktige

Samandrag/ konklusjon:

Sjá framlegg til vedtak

Dei elementa i planen som ikkje er kommentert er ein samde i eller ikkje har synspunkt til.

Saka skal ekspederast av:

Særutskrift skal sendast til:

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune

Statens vegvesen Region Vest

Hardangerrådet

Arkiv